



## INFO.SKRIW SKOGTROLLA DESEMBER 2012

Då står jula for tur, og vi er allereie komt ei god veke inn i desember. Snøen har så langt uteblitt – men kulda er komein ☺

I november hadde vi to hovudtema – Brannvern og boka "Månen som ville lyse som ei sol". Gjennom arbeidet vårt med Brannvern vart vi kjende med dukkene Eldar og Vanja. Gjennom små teaterstykker fekk vi lære om brannvarslaren, at ein må krype på golvet i eit røykfylt rom, kva tlf.nr til brannstasjonen er og at vi må ringe dit ved brann. Vidare lærte vi at ein ikkje må gøyme seg dersom det begynner å brenne. Vi øvde også på kva vi skal gjøre dersom brannalarmen går – stille oss på rekke og gå ut av barnehagen. I tillegg fekk vi besøk av brannbilen – og vi fekk lov til å studere den og sitte i den – stor stas! Vi hadde ei anmeldt brannøving – og ein av dagane kjem det ei uanmeldt..... Det andre temaet vårt var i høve lanseringa av ei nynorsk barnebok. Her vart barnehagane i Ørsta og Volda inviterte til å delta på ei kunstutstilling med inspirasjon frå boka. Boka handler om at månen ikkje føler seg populær, mens alle er glade i sola. Sola er ikkje særleg snill med månen heller og får han til å føle seg veldig liten... Månen vil ta hevn – men det ender ikkje så bra. Moralen i boka er at månen og sola treng kvarandre – og dette kjem dei fram til tilslutt. Skogtrolla laga ei uro av pinnar – der borna tok av barken, pussa med sandpapir og mala i ulike fargar. Den heng no ute i Åsentunet ilag med kunsten til dei andre avdelingane og barnehagane. Så ta dykk ein tur dersom de har sjans til det ☺

I desember er det jul som er temaet. Vi starta som vanleg med juleverkstad – der borna fekk lage 4 hemmeligheter. Vi har i år baka pepperkaker og borna har pynta kvart sitt hjerte med godteri. Kvar dag trekker vi om kven som skal få med seg sitt hjerte heim. Vi har og samlingar der vi les ulike juleforteljingar, syng julesongar og tener lys. I tillegg skal vi sysle med litt tradisjonell julepynt laging og liknande..... Elles ber vi om at de merker dykk desse datoane:

- 04.desember Julegrantenning og julelunsj i barnehagen
- 12.desember Vi skal til kyrkja kl 12:00 – går på tur i forkant og ser på julegrana og julegata
- 13.desember 5-åringane går Luciatog og deler ut "lussekattar" til dei andre borna (sjå skriv)
- 20.desember Nissefest på barnehagen – borna kjem utkledde som nissar til bhg.

Det heng no oppe liste på branndøra om juleferien – skriv dykk på denne – og sett opp ca klokkeslett for levering og henting ☺

Vi har fått litt pengar på kvar avdeling til å kjøpe nye leiker for. Desse har vi pakka opp. Vi kjøpte småleiker til å ha som bordaktivitetar – Star Wars figurar og Polly dukker. Det vi ser er at mange av borna har begynt å putte leikene i lommene sine og i hyllene sine – så vi treng litt hjelp av dykk foreldre. Dersom de finn slike leiker heime, som ikkje er barnet sitt – så hadde vi satt pris på om de tok det med tilbake til barnehagen ☺ Vi har hatt mange runder med borna om dette – men av og til vert fristelsen stor;)

Til slutt vil vi minne om at det er planleggingsdag 2.januar – så då er barnehagen stengt!

Ønsker alle små og store ei triveleg adventstund og ei riktig God Jul!



Helsing Christoffer, Johan, Kari Anne og Trude